

## Nesjarane vann knivskarp duell.

13.07.2016



Nesjarane drog nok ein gong det lengste strået.

Det vart utruleg spennande og jamnt under sommar-quizen på Oska onsdag kveld. Etter at svar var avgjeve i alle 10 kategoriane, enda nemleg Nesjarane og Oskeladdane på same poengsum, 41,5. Den godt førebudde quizmasteren, Sammy Myklebust, måtte dermed henta fram dei 3 ekstraspørsmåla sine.



Quizmaster Sammy hadde som vanleg full kontroll.

Ekstraspørsmåla enda med at begge dei skarpe laga svara rett på alt. Dermed måtte Sammy laga 3 nye ekstraspørsmål. Her var det ingen tvil, og Nesjarane vann duellen mot Oskeladdane, 4 karar av god mix både frå indre og ytre luten. Premien til vinnarlaget var gavekort slik at dei 6 vinnarane no kan nyta ein herleg middag på Oska.

Quizmaster Sammy Myklebust var som vanleg godt førebudd, og han hadde god breidde både i vanskegrad og tema. Spørsmåla var fordelt på 10 kategoriar: vitenskap, musikk, lokalstoff, geografi, humor, bil, sport, film og TV, to-poengarar(blanda drops) og eit biletark.

Nesjarane har for vane å gjera det skarpt på quiz-kveldane i Uskedalen. Dag Hermannsen er tydeleg på at det er når dei har ungdomane med at dei gjer det best.

- I kveld har laget vårt aldersspreiing frå 27 til 74 år, og det er viktig å ha breidde i alder. Dei andre på laget legg til at dei også har god geografisk spreining, frå Lofoten til Stavanger.
- Ja, og så har vi med ein jurist, men det hjalp oss ikkje på Ohm`s lov, la Dag humoristisk til.

Også det mest morosame og mest originale lagnamnet vart premiert. Her var spanske Sonia Bataller dommar, og ho syntest det var ein enkel jobb å kåra Five Amigos som vinnarar. Dei fekk 6 flotte whisky-glas i premie.

Det var svært god stemning under quizen, og det heldt fram etter premieringa. Då bar Roy Lervåg fram store 80-tals-pizzaer som gjestene kosa seg med. Kjempekoseleg kveld var omkvedet frå dei som var der.



[Den spanske servitøren Sonia syntest Five Amigos hadde det beste namnet.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.